



■ møtereferat – samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet for tannhelsetenesta

46604/2012

Tema:	Stad og tid:
Møtereferat SAMU-T 25.06.2012	Fylkeshuset, møterom 110

Til stades: Medlemmer		Varamedlemmer	
Hege Myklebust Vartdal	X	Folkert Seetzen	
Sølvi Hanssen	X	Marianne S. Rudi	
Laila Aas Dyrøy	X	Grete Gussiås	
Anthony N. Valen	X	Morten Larsen	
Gunnar Eikrem	X	Bjørn Eggen	
Tone Nord	X	Birgitte Moe	

Andre:
Venke Dahle, Hjelp24
Tove Istad, NAV Arbeidslivssenter

Referent:	Neste møte:
Morten Larsen, 71 25 87 74	

Det var ingen merknader til møteinnkallinga.

Saksliste

7/2012	<p>Årsmelding for den offentlege tannhelsetenesta 2011</p> <p>Anthony Valen orienterte med vekt på følgjande moment: Vi har nådd måla for dekningsgrad for nesten alle dei prioriterte gruppene. Tilbodet til dei høgast prioriterte gruppene i fylket, barn og ungdom 0-18 år og psykisk utviklingshemma, hadde ei måloppnåing på henholdsvis 98% og 103%. For eldre og uføre var det 93% måloppnåing for dei i institusjonar og 120% måloppnåing for brukarane i heimesjukepleien. Det er ei prioritert oppgåve å betre og kvalitetssikre tannhelsetilbodet til denne gruppa. Vi hadde og ei positiv utvikling for ungdom 19-20 år. 68 % av denne gruppa var under tilsyn i 2011 mot 60% i 2010.</p> <p>Rekneskap 2011 for fylkestannlegen sitt ansvarsområde, viser eit samla meirforbruk på omlag 3.3 mill. Til samanlikning viste rekneskapen for 2010 eit samla mindreforbruk på kr 1.5 mill. Rekrutteringssituasjonen i tannhelsetenesta er betre enn på lang tid, og underskotet speglar høgare lønnskostnader. Stabilisering av bemanninga må ha høg prioritet for at vi skal kunne oppretthalde dekningsgraden, inntektene og bruke mindre tid på administrasjon i samband med rekruttering og utskiftingar i stillingane.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar årsmelding for den offentlege tannhelsetenesta 2011 til vitande.</p>
--------	--

8/2012	<p>Årsrapport 2011 for Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet (SAMU-T) SAMU-T har plikt til å utarbeide ein årsrapport som beskriv aktivitetane siste driftsår, jf. AML § 7-2. Rapporten er primært til verksemda sin eigen bruk, og skal kunne leggst fram dersom Arbeidstilsynet ber om det.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T godkjenner årsrapporten 2011 for utvalet sitt arbeid.</p>
9/2012	<p>Handlingsplanar for oppfølging av det psykososiale arbeidsmiljøet Resultata frå medarbeidartilfredsheitsundersøkinga i september 2011 fortel oss om det psykososiale arbeidsmiljøet i tannhelsetenesta og gir gode haldepunkt for å identifisere nærværsfaktorane i arbeidssituasjonen. I 5 distriktsmøte i januar og februar 2012 har alle tilsette gjennom verkstader (gruppearbeid) starta prosessen med å identifisert tiltak knytt til bevaringsområde og forbetningsområde, både på distriktsnivå og klinikknivå. Oppfølging av verkstadane har skjedd gjennom arbeid med handlingsplanar på klinikknivå. Handlingsplanane skal løyse lokale identifiserte utfordringar og forbetre eller bevare dei gode sidene ved arbeidsmiljøet ved klinikken. Pr. mai 2012 er dette arbeidet oppsummert på distriktsnivå gjennom eigen "Handlingsplan – oppfølging av MTM-undersøking" for 4 av distrikta (vedlagt). Mangelfull administrativ kapasitet og vakanse i overtannlegestillinga, har gjort at handlingsplan ikkje er utarbeidd for Molde tannhelsedistrikt.</p> <p>I samband med gjennomgangen av handlingsplanane orienterte Hjelp24 v/Venke Dale om "periodeplanar for avtalt bistand frå hjelp24" som skal avtalast på distriktsnivå med Hjelp24. Desse årlege periodeplanane skal innehalde dei BHT-aktivitetane som skal gjennomførast i distriktet det aktuelle året. Periodeplanane skal leggst ut på intranettet under HMS-lokalt.</p> <p>Diskusjonen kom også inn på førebygging av hørselsskader og bruk av tilpassa hørselsvern for tilsette. NAV Arbeidslivssenter v/Tove Istad skulle undersøke om det er mogleg å nytte tilretteleggingstilskott i ei prosjekttilnærming til dette utfordringsområdet i HMS-samanheng.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar orienteringa om distriktsvise handlingsplanar for oppfølging av det psykososiale arbeidsmiljøet til vitande.</p>
10/2012	<p>Sjukefråversutvikling 1. kvartal Morten Larsen gikk gjennom fråverstala for 1. kvartal. Sjukefråveret er betydeleg lågare så langt i år enn 1. kvartal dei 3 føregåande åra. Det er store distriktsvise variasjonar. Spesielt Søre Sunnmøre THD og Nordmøre THD bidrar til den positive utviklinga. I diskusjonen vart desse momenta trekt fram som moglege forklaringsfaktorar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - arbeidsplassvurderingar og målretta individuelle tiltak med hjelp frå BHT - auka fokus på psykososiale faktorar gjennom medarbeidarundersøking og oppfølging gjennom distriktsmøte med hyppigare og faste klinikk møte og klinikkleiar møte som resultat - bemanningssituasjonen er no betre og meir stabil på dei fleste klinikkane i distrikta med reduksjon i fråveret <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar orienteringa om sjukefråversutviklinga 1. kvartal 2012 til vitande.</p>

11/2012	<p>Utkast til Plan for kompetanseutvikling i tannhelsetenesta - strategi, mål og rammer 2012-13</p> <p>Fylkestannlegen inviterte arbeidstakarorganisasjonane til drøftingsmøte 14.12.2011 om bruk av kompetansemidlar. Drøftingsmøte vart følgd opp med eit diskusjonsgrunnlag for mål og retningslinjer knytt til kompetanseutvikling i tannhelsetenesta som vart lagt fram på SAMUT-møte 28.3.12, sak 4/12. Partane var i hovudsak samde om innretning i diskusjonsgrunnlaget, men fleire medlemmer såg behov for presiseringar og enkelte tillegg som gjeld retningslinjer og vilkår for individuelle kompetansetiltak. Til møtet 25.6. ligg det føre eit nytt og gjennomarbeidd utkast til "Plan for kompetanseutvikling". Planen har fokus på kultur for læring og kompetansestyring. Kompetanseutvikling må bli eit prioritert tema i kommunikasjonen mellom leiar og medarbeidar gjennom årleg medarbeidar-/ utviklingssamtale. Medarbeidarane sine ønskje, leiaren/verksemda sine identifiserte kompetansebehov og det som medarbeidaren og leiaren blir samde om gjennom samtalen, skal vere premissgivande for deltaking på og finansiering av kompetansetiltak. Mange tilsette deltek på ulike kurs, konferansar og andre kompetansetiltak, og planen skal kvalitetssikre at denne kunnskapen blir overført internt.</p> <p>Planforslaget er basert på prinsipp og tankegods frå den nye arbeidgiarpolitikken. To viktige element som er beholdt frå dagens "kompetanseregime" i tannhelsetenesta er opplæringsplan på distriktsnivå og kompetansestipend. Men no skal avgjerd om tildeling av stipend vere basert på at kompetansebehovet er nedfelt i opplæringsplana.</p> <p>Utvalet gikk systematisk gjennom planutkastet og vart samde om presiseringar og enkelte endringar knytt til vilkår for deltaking på kompetansetiltak. Endringar av meir redaksjonell karakter blir tatt administrativt. Utvalet ønskjer ei intern høyring av planen før den blir endeleg behandla av utvalet hausten 2012.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T godkjenner utkast til "Plan for kompetanseutvikling i tannhelsetenesta – strategi, mål og rammer 2012-13" med dei endringane som partane vart samde om i møtet. Utkastet skal sendast på intern høyring til klinikkane, utvalde administrative einingar og arbeidstakarorganisasjonane.</p>
12/2012	<p>Arbeidstilsynet sin tilsynsaksjon i tannhelsetenesta</p> <p>Morten Larsen orienterte. Arbeidstilsynet har i første kvartal 2012 gjennomført ein tilsynskampanje i private og offentlege tannhelsetenester over heile landet. Prosjektet «På lag» inngår i Arbeidstilsynet si satsing for eit inkluderande arbeidsliv gjennom styrka førebygging, tilrettelegging og oppfølging. 3 klinikkar er besøkt. I tillegg er det gjennomført ei systemretta tilsyn med tannhelsetenesta sitt HMS-system. Det vart sendt varsel om pålegg for to av klinikkane. Pålegget vedk. DTK St. Carolus er seinare fråfalt. Fylkestannlegens tilsvar vedk. pålegga gitt etter tilsyn på DTK Bjørgvin er enno ikkje besvart av Arbeidstilsynet.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar orienteringa om Arbeidstilsynet sin tilsynsaksjon i tannhelsetenesta til vitande.</p>

13/2012

Drøfting av utkast til faglege retningslinjer

Anthony Valen orienterte om utkastet som no ligg føre til faglege retningslinjer for tenesteproduksjonen i tannhelsetenesta. Retningslinjene vart ønskt velkommen av utvalsmedlemmene, som ser stor nytteverdi i auka fokus på stadardar i ulike faglege tema, ikkje minst som hjelp for nyttilsett tannhelsepesonell.

Utkastet vart gjennomgått punkt for punkt og fylkestannlegen noterte seg innspel til endringar og presiseringar.

Samrøystes vedtak:

SAMU-T tek orienteringa om fylkestannlegens utkast til faglege retningslinjer vitande.